



# Reglement

for rådet for personar med nedsett funksjonsevne



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Innhold

I	Føremål .....	3
II	Val og samansetting .....	3
III	Arbeidsområde .....	3
IV	Møte, sekretariat og økonomi .....	4

Fastsett i medhald av Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 5-12 vedteke av Stortinget 11. juni 2018.  
Vedtak i fylkestinget i Møre og Romsdal: sak T-72/19 (14. - 16. oktober 2019) og sak T-77/20 (13. oktober 2020).

## **I FØREMÅL**

**§ 1** Rådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen, og har rett til å uttale seg i saker som gjeld menneske med funksjonsnedsetting.

Fylkeskommunen skal sørge for ei brei, open og tilgjengeleg medverknad frå menneske med nedsett funksjonsevne gjennom rådet i saker som angår dei.

## **II VAL OG SAMANSETTING**

**§ 2** Medlemene i rådet blir personlege oppnemnde medlemmer. Oppnemninga blir gjort av fylkestinget etter framlegg frå aktuelle organisasjonar jf forskrift om medvirkningsordningar § 3. Rådet si funksjonstid følger fylkestingvalperioden

Rådet skal ha 9 medlemmer og er samansett slik:

- 4 brukarrepresentantar, 2 oppnemnt etter forslag frå Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og 2 frå SAFO (samarbeidsforumet for funksjonshemmede organisasjonar).
- 3 politikarar frå fylkestinget, primært ein frå kvart hovudutval.
- 1 representant frå kommunane oppnemnt av KS.
- 1 representant frå NAV oppnemnt av NAV Møre og Romsdal, med tale- og forslagsrett.

Kvart medlem skal ha 3 personlege varamedlemmer i rekkefølge.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar mellom medlemene i rådet for den fylkeskommunale valperioden.

Politiske styringsorgan og forvaltningsorgan som ikkje er representert i rådet kan kallast inn til møta.

Dersom ein medlem eller varamedlem trer ut av utvalet, skal fylkestinget i medhald av kommunelova § 7-10 velje ny medlem eller varamedlem.

## **III ARBEIDSOMRÅDE**

**§ 3** Rådet skal behandle alle saker som gjeld personar med funksjonsnedsetting.

Rådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem personar med funksjonsnedsetting i fylket.

Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar.

Rådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding som skal leggst fram for fylkestinget.

Uttalar skal følgje saksdokumentet til det fylkeskommunale organet som avgjer saka endeleg.

## **IV MØTE, SEKRETARIAT OG ØKONOMI**

### **§ 4 Møte**

Rådet blir innkalla etter fastsett møteplan, og med rimeleg frist. Innkallinga, saman med saksdokumenta, skal sendast faste medlemmer og varamedlemmer.

Rådet kan elles innkallast når leiaren eller tre av medlemene krev det, jf. kommunelova § 11-2.

Når vilkåra etter kommunelova § 11-7 og § 11-8 er til stades, kan rådet for personar med nedsett funksjonsevne ta avgjerd ved

- 1) - fjernmøte
- 2) - skriftleg saksbehandling

Avgjerd om dette blir gjort av leiaren i kvart einskild høve.

Rådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades, jf. kommunelova § 11-9.

Det skal førast møtebok jf kommunelova § 11-4.

### **§ 5 Saksbehandlingsreglar**

Fylkeskommunedirektøren skal etablere rutinar som sikrar at rådet mottek sakene så tidleg i saksbehandlinga at ein uttale frå rådet har moglegheit til å påverke utfallet av saken.

Den enkelte etat/avdelingssjef har ansvar for å innhente rådet sitt syn som ledd i saksførebuinga.

Dersom det ikkje er mogleg å innhente rådet sitt syn på førehand, skal ein representant frå rådet innkallast til møte i hovudutvala og eventuelt fylkesutval eller fylkesting.

### **§ 6 Sekretariat og økonomi**

Sekretariatet for rådet skal ligge til fylkeskommunedirektøren.

Medlemmer som ikkje møter på vegne av offentleg myndighet får møte- og reisegodtgjersle etter fylkeskommunen sitt reiseregulativ. Tapt arbeidsforteneste eller utgifter til følgje, tolk, tilsyn i heimen osv. i samband med møta, blir dekt på same måte.

**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Julsundvegen 9  
6412 Molde

**Postadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Postboks 2500  
6404 Molde

**Telefon:** 71 25 80 00**Mail:** [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)**Web:** [mrfylke.no](http://mrfylke.no)

Møre og Romsdal  
fylkeskommune